



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 11.02.2026
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: kl 15.00 - 18.20

Møtedeltakrar	Parti
Gaute Hauge	AP
Leif Magne Kleppa	H
Torunn Munthe	H
Ståle Halsne	KrF
Anita Husøy Riskedal	SP
Arthur Fjeldheim Egeland	SP
Dagfinn Svadberg Hatløy	SP
Anna Lena Kleppa	SP
Solveig Romsø Øye	SP

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel
017/26	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
018/26	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
019/26	REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER
020/26	KOMMUNEDIREKTØREN ORIENTERER
021/26	Økonomi- og handlingsplan 2027 – 2030 Årshjul
022/26	Orientering om samlokalisering omsorgssenter
023/26	Status utbygging LH1
024/26	Bruksendring frå omsorgsbustad til kommunal bustad
025/26	Opning av nytt næringsareal i Hjelmeland kommune
026/26	Ryfylke IKS - Honorar til ungdomsstyret for representant valt av kommunen
027/26	Reforhandling - Tjenesteyting avtale mellom Rogaland brann og redning IKS og Hjelmeland kommune - Hjelmeland brann og redning
028/26	Seniortaxi og ungdomstaxi - oppsummering og regelendring
029/26	KS Debattheft 2026 – Tid for taktskifte

017/26: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Forslag til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre.

11.02.2026 Formannskapet

Behandling:

Endring av saksliste, foreslått av Anita Husøy Riskedal, Senterpartiet

Sak 25 vert tatt av sakskartet. Formannskapet ber om å få ny sak om næringsareal til handsaming, der bakgrunn for saka vert betre utgreia, og uttalar og analyser som vert viste til i saksutgreiinga vert vedlagt.

Sak 025/26 vart tatt av sakskartet, etter forslag frå ordføraren.

Sak 027/26 vert flytta opp på sakslista og behandla før sak 021/26.

Røysting:

Tilleggsforslag frå ordførar Riskedal, SP: Samrøystes vedteke

FSK - 017/26 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent slik dei ligg føre med vedteken endring:

Sak 25 vert tatt av sakskartet. Formannskapet ber om å få ny sak om næringsareal til handsaming, der bakgrunn for saka vert betre utgreia, og uttalar og analyser som vert viste til i saksutgreiinga vert vedlagt.

018/26: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Forslag til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik den ligg føre.

11.02.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 018/26 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent slik han ligg føre.

019/26: REFERAT- OG DRØFTINGSSAKER

Sakene tas til orientering.

11.02.2026 Formannskapet

Behandling:

Spørsmål frå folkevalde:

Øye, SP:

I juni er Randøybrua 50 år. Representanten spør om kommunen har planar for å markera jubileet?

Svar:

Det er gått invitasjon frå ordførar til slottet, men kongehuset kunne ikkje stille. Randøy Vel saman med kommunen planlegg ei markering i juni. Det ligg også planar om å lyssetje brua til hausten som del av jubileumsåret.

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 019/26 **Vedtak:**

Sakene tas til orientering.

020/26: KOMMUNEDIREKTØREN ORIENTERER

Forslag til vedtak:

Saka vert tatt til orientering

11.02.2026 Formannskapet

Behandling:

Kommunedirektøren:

- Viga bru: Permanent bru skal kome på plass etter skuleslutt. Brua vil vera stengt for biltrafikk ca 1 månad i sommar. Meir informasjon kjem seinare
- ROS-analyse Viganeset: Arbeidet pågår, og ROS for heile Viganeset vil vera klar og sendast ut om eit par veker
- Kraftfondet er p.t. på ca 45 mill. kroner, men det vil kome nokre justeringar
- Strategiplan RITS: Kommunane går vidare med strategiarbeidet, og utgreier 4 alternativ. Det vil koma ei sak til formannskapet om mandat for å lande vegen vidare i kommunestyret i juni
- Det vil bli lagt fram ei sak om Viganeset kai til neste møte

Helse og omsorg

- Ny helse- og omsorgssjef, Lena Heitmann, presenterte seg og ser ut til å trivast i den nye jobben

- Hjelmeland kommune innfører Digi helse frå 1. mars, som er eit tilbod i heimetenesta for brukarar og pårørande som gjer høve til å senda meldingar, få oversikt over avtalar, kalender osv via Helsenorge
- På Årdal omsorgssenter skal dei ta i bruk Tannhelseappen, i samarbeid med Rogaland fylkeskommune

Samfunn og næring

- Investeringsiltaket som gjeld utbetring av lysløypa på Bjødnabu: Brua på Husstølvegen er i veldig dårleg forfatning og krev strakstiltak på ca kr 200 000, med ei levetid på ca 10 år. Utbetring av lysløypa vil ikkje skje før brua er sikra. Det kjem ei sak i mars om vidare avklaringar i saka

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 020/26 **Vedtak:**

Saka vert tatt til orientering

021/26: Økonomi- og handlingsplan 2027 – 2030 Årshjul

Forslag til vedtak

Årshjul og prosess for utarbeiding av økonomi og handlingsplan 2027-2030 blir vedtekne i tråd med saka.

11.02.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 021/26 **Vedtak:**

Årshjul og prosess for utarbeiding av økonomi og handlingsplan 2027-2030 blir vedtekne i tråd med saka.

022/26: Orientering om samlokalisering omsorgssenter

Forslag til vedtak

Saka vert tatt til orientering.

11.02.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 022/26 Vedtak:

Saka vert tatt til orientering.

023/26: Status utbygging LH1**Forslag til vedtak**

Vedtaket i formannskapet sin sak 030/24 blir oppretthalde med den endringa at 4 av leilegheitane kan selgast utan buplikt.

11.02.2026 Formannskapet**Behandling:**

Forslag til vedtak, foreslått av Arthur Fjeldheim Egeland, Senterpartiet

Vedtaket i formannskapet sin sak 030/24 blir oppretthalde utan endringar.

Endring, foreslått av Ståle Halsne, Kristelig Folkeparti

Vedtaket i formannskapet sin sak 030/24 blir oppretthalde med den endringa at 4 av leilegheitane kan selgast utan restriksjonar. Som motyting til at restriksjonar vert teke vekk skal tomteprisen leggjast på leilighetene, og tilbakebetalast til kommunen.

Halsne, KrF og Egeland, SP ber om at det vert avklart om vedtak som endrar restriksjonar i gjeldande kontrakt, vil vera i tråd med anskaffingsregelverket.

Røysting:

Endringsforslag frå Egeland, SP: Vedtatt mot 3 røyster (KrF og H)

Endringsforslag frå Halsne, KrF: Falt

Innstilling frå kommunedirektøren: Falt

FSK - 023/26 Vedtak:

Vedtaket i formannskapet sin sak 030/24 blir oppretthalde utan endringar.

024/26: Bruksendring frå omsorgsbustad til kommunal bustad**Forslag til vedtak**

Omsorgsbustadane i Prestagarden 34 og 36 vert bruksendra frå omsorgsbustadar til bustadar for einslege, vanskelegstilte på bustadmarknaden.

05.02.2026 Seniorrådet

Behandling:

Røysting: samrøystes vedteke

ELD - 007/26 Vedtak:

Omsorgsbustadane i Prestagarden 34 og 36 vert bruksendra frå omsorgsbustadar til bustadar for einslege, vanskelegstilte på bustadmarknaden.

05.02.2026 Råd for menneske med funksjonshindring**Behandling:**

Alternativt forslag: , foreslått av Berit Sjøvik Østerhus, Senterpartiet

Rådet utsett avgjersle i saka, og sender saka tilbake med ynskjer om meir saksutgreiing.

Medlem Østerhus stiller spørsmål om sin habilitet då ho har ein svoger som bur i omsorgsbustad i etg over nemde bustader. Medlem Gundersen meiner medlem Østerhus ikkje er inhabil.

Røysting forslag Gundersen: samrøystes.

Rådet etterlyser meir informasjon i saka. Dei ynskjer meir informasjon om økonomi, om det er venteliste på omsorgsbustadar og bustadar for einslege, vanskelegstilte på bustadmarknaden, om bustader for einslege, vanskelegstilte på bustadmarknaden er det same som kommunal bustad, om denne bruksendringa kan gjerast midlertidig i påvente av samlokaliseringa. Rådet vil ikkje fatte vedtak i saka før saka er meir opplyst, og utett saka.

Medlem Østerhus legg inn alternativt forslag til vedtak.

Røysting alternativt forslag til vedtak: samrøystes

FUNK - 006/26 Vedtak:

Rådet utsett avgjersle i saka, og sender saka tilbake med ynskjer om meir sakutgreiing.

11.02.2026 Formannskapet**Behandling:**

Utsetjing, foreslått av Anita Husøy Riskedal, Senterpartiet

Saka vert utsett i påvente av Råd for menneske med funksjonshindring si handsaming.

Røysting:

Utsetjingsforslag frå ordførar Riskedal, SP: Samrøystes vedteke

FSK - 024/26 Vedtak:

Saka vert utsett i påvente av Råd for menneske med funksjonshindring si handsaming.

025/26: Opning av nytt næringsareal i Hjelmeland kommune**Forslag til vedtak**

Formannskapet ber kommunedirektøren starta arbeid med å identifisera nye næringsareal i kommunen i samarbeid med overordna mynde.

11.02.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 025/26 Vedtak:

Sak 025/26 vert tatt av sakskartet. Formannskapet ber om å få ny sak om næringsareal til handsaming, der bakgrunn for saka vert betre utgreia, og uttalar og analyser som vert viste til i saksutgreiinga vert vedlagt.

026/26: Ryfylke IKS - Honorar til ungdomsstyret for representant valt av kommunen

Forslag til vedtak

Hjelmeland kommune dekker honorar for kommunen sin representant i Ungdomsstyret i Ryfylke som er vald frå ungdomsrådet, i tråd med gjeldande satsar for Ungdomsstyret i Ryfylke IKS. Vedtaket gis med tilbakeverkande kraft og gjeld frå 2025.

11.02.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 026/26 Vedtak:

Hjelmeland kommune dekker honorar for kommunen sin representant i Ungdomsstyret i Ryfylke som er vald frå ungdomsrådet, i tråd med gjeldande satsar for Ungdomsstyret i Ryfylke IKS. Vedtaket gis med tilbakeverkande kraft og gjeld frå 2025.

027/26: Reforhandling - Tjenesteyting avtale mellom Rogaland brann og redning IKS og Hjelmeland kommune - Hjelmeland brann og redning

Forslag til vedtak

Ny tenesteavtale 2026

Hjelmeland kommune forhandlar fram og inngår ny tenesteavtale med Rogaland brann og redning IKS (RBR) innan juni 2026, for å sikre lovpålagde oppgåver og unngå leveransegap i 2026.

Fullmakt til forhandling og politisk godkjenning

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre forhandlingar med RBR og leggje fram endeleg

avtale for politisk behandling så snart den ligg føre, og seinast innan juni 2026. Eit evt vedtak om ny avtale må leggas i tertialrapporten.

1. Alternativ løysing dersom avtale ikkje kjem på plass

Dersom ny avtale ikkje kjem på plass innan juni 2026, ber kommunestyret kommunedirektøren straks leggje fram ei alternativ løysing for å oppfylle lovkrava, inkludert vurdering av eigen brannsjef-/førebyggjingsressurs og nødvendig organisering.

11.02.2026 Formannskapet

Behandling:

Brannsjef Rasmus Viggen orienterte via Teams om kva dagens avtale omfattar, og kva ny avtale vil omfattar av tenester frå Rogaland brann og redning IKS.

Det kan vera aktuelt for Hjelmeland kommune å verte medeigar i Rogaland brann og redning

Røysting:

Forslag til vedtak: Samrøystes vedteke

FSK - 027/26 Vedtak:

Ny tenesteavtale 2026

Hjelmeland kommune forhandlar fram og inngår ny tenesteavtale med Rogaland brann og redning IKS (RBR) innan juni 2026, for å sikre lovpålagde oppgåver og unngå leveransegap i 2026.

Fullmakt til forhandling og politisk godkjenning

Kommunedirektøren får fullmakt til å gjennomføre forhandlingar med RBR og leggje fram endeleg avtale for politisk behandling så snart den ligg føre, og seinast innan juni 2026. Eit evt vedtak om ny avtale må leggas i tertialrapporten.

Alternativ løysing dersom avtale ikkje kjem på plass

Dersom ny avtale ikkje kjem på plass innan juni 2026, ber kommunestyret kommunedirektøren straks leggje fram ei alternativ løysing for å oppfylle lovkrava, inkludert vurdering av eigen brannsjef-/førebyggjingsressurs og nødvendig organisering.

028/26: Seniortaxi og ungdomstaxi - oppsummering og regelendring

Forslag til vedtak

1. Oppsummeringa av bruken av ungdomstaxi og seniortaxi for 2025 blir teken til orientering.
2. Siste setning i punkt 1 i reglane for seniortaxi (Ordninga gjeld ikkje for eldre som har TT-kort) blir strøken.
3. Eit eventuelt meirforbruk vert dekkja innan ramma til kultur.

03.02.2026 Ungdomsrådet

Behandling:

UNG - 006/26 **Vedtak:**

Ungdomsrådet trur den auka bevilgninga i budsjettet til ungdomstaxi er rett.

Dei andre momenta vert tekne til orientering:

1. Oppsummeringa av bruken av ungdomstaxi og seniortaxi for 2025 blir teken til orientering.
2. Siste setning i punkt 1 i reglane for seniortaxi (Ordninga gjeld ikkje for eldre som har TT-kort) blir strøken.

Eit eventuelt meirforbruk vert dekkja innan ramma til kultur.

05.02.2026 Råd for menneske med funksjonshindring

Behandling:

Tilleggsforslag:, foreslått av Berit Sjøvik Østerhus, Senterpartiet

Rådet ser behov for at det opprettes ei taxi-ordning for menneske med nedsett funksjonsevne, og ber administrasjonen lage forslag til saksfremlegg til møte i september.

Rådet ser behov for ei eiga taxi-ordning for menneske med nedsett funksjonsevne. Dette vart meldt inn til kulturleiar i fjor, og kulturleiar har i forkant av dette møte informert sekretær om at dette er tatt opp med Kolumbus, og svaret frå Kolumbus er at dei ikkje vil være med på ei ny ordning, så ei slik ordning må i tilfelle finansierast fullt ut av kommunen. Viss rådet ynskjer at kommunen skal etablera ei slik ordning må rådet melde opp ei eiga sak på dette.

Røysting opprinneleg forslag: samrøystet vedteke

Røysting tilleggsforslag: samrøystes vedteke.

FUNK - 005/26 **Vedtak:**

1. Oppsummeringa av bruken av ungdomstaxi og seniortaxi for 2025 blir teken til orientering.
2. Siste setning i punkt 1 i reglane for seniortaxi (Ordninga gjeld ikkje for eldre som har TT-kort) blir strøken.
3. Eit eventuelt meirforbruk vert dekkja innan ramma til kultur.

Rådet ser behov for at det opprettes ei taxi-ordning for menneske med nedsett funksjonsevne, og ber administrasjonen lage forslag til saksfremlegg til møte i september.

11.02.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 028/26 **Vedtak:**

1. Oppsummeringa av bruken av ungdomstaxi og seniortaxi for 2025 blir teken til orientering.

2. Siste setning i punkt 1 i reglane for seniortaxi (Ordninga gjeld ikkje for eldre som har TT-kort) blir strøken.
3. Eit eventuelt meirforbruk vert dekkja innan ramma til kultur.

029/26: KS Debattheft 2026 – Tid for taktskifte

Forslag til vedtak

Saka er drøfta og følgjande innspel vert gitt: ...

11.02.2026 Formannskapet

Behandling:

Røysting:

Samrøystes vedteke

FSK - 029/26 **Vedtak:**

Uttale frå formannskapet vert ferdigstilt og lagt fram for kommunestyret i møtet den 19. februar 2026.

030/26: Revidering av vedtekter for kraftfondet 2026

Forslag til vedtak

Reviderte vedtekter til kraftfondet vedtatt som framlagt.

11.02.2026 Formannskapet

Behandling:

Sak 30/26 Revidering av vedtekter for kraftfondet 2026, foreslått av Dagfinn Svadberg Hatløy, Senterpartiet

2026 er Totalforsvarsåret i Noreg. Matproduksjon er avgjerande for vår beredskap og forsvarsevne. Offentleg sektor, privatpersonar og næringar vert oppmoda til å vera best mogleg førebudd på ei krise eller naudsituasjon. I landbruket har det vore ei rivande teknologisk utvikling, automatisering og mekanisering av arbeidsoppgåvene i husdyrhaldet, som til dømes mjølking og føring. Utviklinga har letta mange arbeidsoppgåver, men dei tekniske løysingane er samstundes svært sårbare for straumutfall. Eit langvarig straumutfall kan få svært alvorlege konsekvensar, både økonomisk, for matproduksjonen og for dyrevelferd. Ei nyleg påminning om dette var ekstremveret Amy, oktober 2025, kor fleire deler av Hjelmeland kommune var utan strøym i lengre periode, Jøsneset var utan straum i opptil 1 ½ døgn.

Naudstraumsaggregat kan avverga alvorlege konsekvensar av lengre straumstans. Fleire bruk i kommunen har allereie investert i naudstraumsaggregat, men det er samstundes stort behov for fleire aggregat på gardsbruk for å vere godt førebudd på omfattande straumutfall.

Nytt kulepkt under §4 Støttevilkår:

Det kan bli gitt støtte til innkjøp av naudstraumsaggregat for landbruksføretak og andre samfunnskritiske verksemder på desse vilkår:

1. Kr 5.000 i tilskot per innkjøpt naudstraumsaggregat. Kvart føretak kan berre motta tilskot ein gong. Det vert ikkje gjort skilnad på om aggregatet er traktordrive, eller drive av eigen dieselmotor.
2. Landbruksføretak må oppfylle vilkåra for mottak av produksjonstilskot, og ha verksemda lokalisert i Hjelmeland.
3. Aggregatet må ha storleik som dekkjer straumforbruket i dei aktuelle driftsbygningane på bruket.
4. Naudstraumsaggregat må kunne vere tilkopla det elektriske anlegget på bruket
5. Tilskotet gjeld naudstraumsaggregat for profesjonell bruk. Det vert ikkje løyvd tilskot til aggregat med innkjøpspris under kr 20.000 eks. mva.
6. Det vert løyvd tilskot til aggregat innkjøpt frå 01.01.2026.

Innspel frå Munthe, H:

Det ville vera fint om saksbehandlar nyttar funksjonen "spor endringar" når dei reviderar gjeldande vedtekter og andre liknande dokument, slik at ein enklare kan sjå endringane

Røysting:

Tilleggsforslag frå Hatløy, SP: Vedtatt mot 4 røyster (AP, KrF, H)

Innstilling frå kommunedirektøren med vedtekne endringar: Samrøystes vedteke

FSK - 030/26 Vedtak:

Reviderte vedtekter til kraftfondet vedtatt med vedtekne endringar.

Nytt kulepkt under §4 Støttevilkår:

Det kan bli gitt støtte til innkjøp av naudstraumsaggregat for landbruksføretak og andre samfunnskritiske verksemder på desse vilkår:

1. Kr 5.000 i tilskot per innkjøpt naudstraumsaggregat. Kvart føretak kan berre motta tilskot ein gong. Det vert ikkje gjort skilnad på om aggregatet er traktordrive, eller drive av eigen dieselmotor.
2. Landbruksføretak må oppfylle vilkåra for mottak av produksjonstilskot, og ha verksemda lokalisert i Hjelmeland.
3. Aggregatet må ha storleik som dekkjer straumforbruket i dei aktuelle driftsbygningane på bruket.
4. Naudstraumsaggregat må kunne vere tilkopla det elektriske anlegget på bruket
5. Tilskotet gjeld naudstraumsaggregat for profesjonell bruk. Det vert ikkje løyvd tilskot til aggregat med innkjøpspris under kr 20.000 eks. mva.
6. Det vert løyvd tilskot til aggregat innkjøpt frå 01.01.2026.